



Arkiv nr:

Sak nr 17/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S737, Murkelie – Støl falt i det fri

Denne stølen vart handsama i Fjellstyret i sak 23-20 (22.06.2020), der stølen vart vurdert til å ikkje vore take i bruk. Dette vedtaket vart påklaga av stølsbruker, og vart gjeve medhald i at stølen faktisk hadde vore definert som take i bruk i sak 26-21 (01.09.2020).

Etter dette, har stølsbrukaren sjølv take kontakt med administrasjonen, og i epost den 24.09.2020 skreve følgjande:

Jeg sier i fra meg min rett til jordstykke på murkelie, og fraskriver meg videre ansvar for dette, fra skrivende stund.

Jfr Stølsforskriften gjeld følgjande § 12:

§ 12.Om seter som er fallen i det fri

Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.

Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova, til eigedom i drift som treng seter.

Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Denne viser til § 22 i Fjelloven som seier følgjande:

§ 22.

Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Bortfall av rett til seter etter første stykke nr. 2 får først verknad 5 år etter at lova har teke til å gjelde, med mindre retten etter § 20 i lov 12 mars 1920 ville ha falle bort før.

Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når tilleggsjorda i 5 år samanhengande ikkje har vore i bruk.

Her er fakta at stølsbrukaren har jfr Fjelloven § 22 «oppgjeve stølen utan atterhald», slik at dette er dermed oppfylt.

Vidare er alle bygningar fjerna frå området.

Riktig sakshandsaming vidare fremgår av stølsforskriften, der fjellstyret skal gjera vedtak om at retten til stølen er fallen i det fri.

Med bakgrunn i at stølsbrukar sjølv har oppgjeve stølen utan atterhald, tilrår administrasjonen at fjellstyret vedtek at stølen fell i det fri, og vert lyst ut pånytt som støl/tilleggsjord eller beite.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at S737 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite.

Vedtak

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at S737 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Stølsbrukar